

Referat frå årsmøte i Venelaget Olav H. Hauge 10.9.2016 kl 0900-1000 i Elvatun, Ulvik

Til stades: Styret og 19 andre røysteføre.

1. Innkallinga og saklista vart godkjente
2. Som ordstyrar vart vald Randi Jåstad. Referent vart Torbjørg Austrud. Oddmund Hus og Arne Skjervan vart valde til å skriva under referatet.
3. Årsmelding 2014 – 2016: Årsmeldinga vart godkjent. Det vart kommentert at styret har fått til gode arrangement og innhaldsrike nummer av venelagsheftet.
4. Rekneskap 2014 – 2016: Kasserarar Anders Kristoffer Oppheim gjekk gjennom hovudpunkta i rekneskapen. Kasseraren berømma styret for ryddig og godt utført arbeid i høve økonomien. Revisor har vore Olav Bergo.

Rekneskapen vart godkjend utan merknader.

5. Innkomne saker:

Framlegg frå Unni Solem Bilsbak og Teresa Wallevik om å endra rolla til Venelaget i samband med at vi har fått eit Hauge-senter. Eit framlegg med utgreiing var sendt ut i lag med innkallinga til årsmøtet.

Framlegg til vedtak frå Unni Solem Bilsbak og Theresa Wallevik:

1. Venelaget Olav H Hauge inngår eit tettare samarbeid med Haugesenteret i komande periode. Venelaget held fast på namnet.
2. Det nye styret får mandat til perioden 2016 – 2018 å arbeide med ei tettare tilknytning til Haugesenteret, i dialog med leiar der. Dei legg resultatet fram for neste årsmøte i 2018.
3. Det nye styret får i oppgåve å laga framlegg til naudsynte endringar av vedtektene til neste årsmøte i 2018.

Det kom opp eit alternativt framlegg frå Randi Jåstad;

Årsmøtet ber styret vidareutvikla samarbeidet med Haugesenteret innanfor dei vedtektene vi har i dag.

Lars Meling kom med eit tillegg til Randi Jåstad sitt framlegg i eit nytt pkt 2. Styret får i oppgåve å leggja fram ei vurdering av kva for oppgåver samarbeidet kan innebera.

Det vart vidare sett fram eit punkt 3. Resultatet skal leggjast fram på neste årsmøte.

Det vart ein diskusjon kring saka. Unni trekte sitt framlegg etter desse tilleggga.

Fylgjande framlegg vart samrøystes vedteke:

1. Årsmøtet ber styret vidareutvikla samarbeidet med Hauge-senteret innanfor dei vedtektene vi har i dag.
2. Styret får i oppgåve å leggja fram ei vurdering av kva for oppgåver samarbeidet kan innebera.

3. Resultatet skal leggjast fram på neste årsmøte.

6. Valnemnda la fram sine framlegg til nye tillitsvalde i Venelaget.

Framlegg til ny leiar: Olav Ljones

Framlegg til styremedlemmer;

Magne Velure

Marit Hafting

Sjur Tjelmeland

Astrid Kløve-Graue

Vararepresentantar:

Grete Skarpeid

Torbjørge Austrud

Leiar og styremedlemmer samrøystes valde.

Anders Kristoffer Oppheim har sagt seg villig til å halda fram som kasserar. Sameleis har Olav Berge sagt seg villig til å ver revisor .

Styret la fram framlegg til ny valnemnd og Amboltprs-nemnd:

Ny valnmnd:

Eivind Berge

Sveinung Time

Aslaug Nyrnes

Vara: Arna Vik Misje

Amboltprisnemnda

Idar Stegane

Audun Lødemel

Øystein Hide

Randi Jåstad

Vala vart gjort med akklamasjon.

Det gamle styret vart takka av med gåver, likeså valnemnda.

Referent: Torbjørg Austrud

Ulvik, 12.9. 2016